

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
5804 Bergen

Bergen 20. mai 2016

Att.: Fiskeridirektøren

E-post: postmottak@fiskeridir.no

SAK 4.5 REGULERING AV FISKET ETTER TOBIS

I skrivande stund er tobisfisket så godt som over, og mest truleg er tobisfisket heilt over når reguleringsmøte blir halde den 2. juni.

Tobisfisket har vore prega av mykje leiting etter stor tobis, og det har òg blitt fiska noko yngel.

Samstundes var feltet, der det var stor tobis, stengt. Dette med unntak for fem farty som deltok i ei trekning.

Stenginga av felt har medført at andre farty har brukt mykje tid og diesel på leiting etter større fisk.

Pelagisk Forening ber om at det, frå og med neste år, blir ei reguleringsordning der det blir høve til å fiska der den store tobisen faktisk er.

Me er klar over at påmeldingsfristen, for å få delta i trekninga, blei kunngjort i slutten av § 2 i forskrift om regulering av fisket etter tobis i 2016. Dersom reguleringa blir den same seinare år, ber me om at direktoratet kunngjer påmeldingsfristen separat.

Med vennleg helsing

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS


Ask Økland
Advokat